

## **Innspel skulestruktur, Ulstein kommune**

Hovedargumentasjonen som vert brukt for å legge ned to av skulane i kommunen; er sviktande elevtal, aukande antal eldre og den utfordrande økonomiske situasjonen kommunen står i. Prognosane som vert oppgitt er usikre og det vil difor vere delvis synsing frå dei styrande å vektlegge dette som hovedargumentet for nedleggelse.

Argumenta og innspela mot nedleggelse har vore mange, grundige og betrakteleg meir heilheitlige enn det eg opplever at kommunen har kome med. Dei mange mange innlegga i Vikebladet Vestposten, dei muntlege innlegga på open talarstol, folkemøta, samt tidlegare innsendte innspel til kommunen i forrige runde, er gode bevis på dette. Eg vil også våge meg å påstå at det viser kor velgarane står.

Her kjem nok eit innspel med mange argument mot nedleggelse frå nok ein innbyggjar.

### **Generelt**

Rapporten frå KS konsult viser at kommunen kan spare pengar om og viss ein del forutsetningar ligg føre. Nokre av forutsetningane, som eks salg av bygningsmasse har frå tidlegare skulenedleggelsar, vist seg å ta veldig lang tid. Så den store besparelsen her kan ikkje kommunen rekne med. I same rapporten så manglar det informasjon om kva skulenedleggelsane vil koste kommunen. Det har frå tidlegare nedleggelsar vist at det vert behov for utbygging, utbedringar inne og ute samt oppgraderingar av dei gjenståande skulebygga, skal skulane klare å tilfredstille krava til ei betrakteleg større elevmasse. Altså ein stor kostnad for kommunen. Kva vil omstruktureringa koste, då det vil verte behov for fleire stillingar i bla administrasjon ved dei to gjenverande skulane. Kva vil auka skuleskyss faktisk koste, og ikkje berre rekne på antal born som har behov for skyss. Det vil kanskje også verte behov for å endre bussrutene, korleis stiller fylket seg til dette? Kanskje vert det også behov for å endre opningstida ved skulane, korleis vil det påvirke elevane og nettverket til elevane?

Vil behovet for spesialpedagogisk undervisning auke? Mange undersøkelser rundt skulenedleggelsar peikar på nettopp dette. I rapporten frå KS så kjem det fram at spesialundervisning er svært kostbar. Kva gjer kommunen om det melde seg behov for å opprette ei spesialklasse ved ein av skulane, kor skal ein finne

plass og kor skal ein finne pengane? Rapporten peika på at på grunn av lærartettleiken til dei minste skulane, så kan det sjå ut til at vikarbehovet der er mindre. Kor mykje har dette spart kommuna i vikarutgifter og motsett: kor mykje vil dette potensielt koste kommuna ved mindre lærartettheit?

### **Berekraft og kvalitet i ulsteinskulen**

Kor berekraftig vil skulestrukturen i Ulstein kommune vere med to barneskular? Kva handlingsrom vil kommuna sete igjen med? Korleis løyser kommuna det om det er born som opplever vanskar med å tilpasse seg store klasse- og skulemiljø. Kor skal ein då finne alternativ? Om det kjem elevgrupper som treng tilpassa undervisning pga store språkutfordringar, kor skal desse plasserast? «Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen» .

Kort tid etter at rapporten vart offentleggjort, så bryt det ut krig i europa, og behovet for skuleplassar har allereie auka betrakteleg! Kva skulle Ulstein kommune ha gjort om kommuna berre hadde att to barneskular, der kapasiteten allereie var maksa ut?

Borna våre har rett på ei offentleg grunnskuleopplæring. Kommuna er pliktige til å sørge for at alle born er ivaretatt og får eit godt og tilpassa opplæringsmiljø. «opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven...» Vil ein ha nok areal og handlingsrom ved dei gjenverande skulane til å ivareta rettighetene til elevane?

Vil ein tidsnok klare å fange opp born som har behov for og rett til tidleg innsats, i store klasser med få lærarressursar? Eller der fleire trinn er slått saman for å halde seg til den anbefalte lærarnorma.

Med god lærartettleik ved Ulstein og Haddal, så har kommuna store moglegheiter til å ivareta alle skuleborna sine behov. Dei som ønske og treng det, kan gå på Ulstein eller Haddal, og dei som ønske og treng eit større miljø kan velge å gå på Ulsteinvik b.skule eller Hasund. Eg meiner at kommuna i større grad bør spele på akkurat desse ressursane. Rapporten viser at kommuna scorar godt både på kvalitet og skuleresultat blant elevane. Det er lite til ingen forskjell på skulane og vi ligg over landssnittet. Kvalitet i skulen kjem frå gode og dyktige lærarar. Gode resultat kjem frå trygge og ivaretatte elevar. Dette er det kommuna bør bygge vidare på, dette er det kommunal bør

bruke som trekkplaster for å få fleire tilflyttarar. Dette tyder på dyktige ansatte og gode rektorar, dette er fagfolk ein bør satse vidare på og ivareta, ikkje skremme ved å true arbeidsplassen eller arbeidsmiljøet deira. Ved å skjere ned på dei tildelte ressursane, så minskar handlingsrommet og moglegheitene til dei ansatte i skulen og forutsetningane for eit godt læringsmiljø forsvinn.

### **Læring gjennom leik**

Har dei to gjenverande skulane nok uteareal til å gi fullgod leik og frileik til elevane? Er der rom for tilstrekkeleg utviding og opparbeiding av uteareala? Har kommuna forståelse for kor utrulig viktig leiken er både for læring, folkehelsa, fysisk utvikling, mental uthaldenheit og mental utvikling? Og då snakkar eg ikkje om eit uteareal som er opparbeidd og tilpassa styrt leik, men friareal og naturområder. Det er mykje forskning å finne på kva betydning leiken har for born. Eg saknar ein grundig gjennomgang av kva betydning uteområde ved dei ulike skulane har for borna. Eit eksempel frå ein studie: grønne omgivelser og uteleik kan vere med på å auke barnet sin konsentrasjon, minske hyperaktivitet, betre innlæring, betre den psykiske helsa og betre vennskap. Ein annan undersøkelse blant barnehageborn viste at god motorikk kan knyttast til gode matematiske ferdigheiter. Born i dag er mykje mindre ute og i fysisk aktivitet enn før. Mykje av tida både på skule og i fritida tilbringe borna bak ein skjerm.

Med bakgrunn i desse eksempla og liknande forskning, så meiner eg at Ulstein kommune, går glipp av flotte moglegheiter for tilpassa og alternativ opplæring. Då både Ulstein og Haddal skule har flotte og gode uteområder. Desse skulane kan verte gode ressurskular.

Å satse så mykje på den digitale skulen, for så å oversjå kor viktig uteleik og leik er for læring, vil eg påstå er eit stort tap for den framtidige generasjon.

### **Trygg skuleveg, kommuna sitt ansvar.**

Kommuna kan ikkje kreve at foreldre skal ordne med skuletransport. I rapporten frå KS er det ikkje tatt høgde for kor mykje tid enkelte av elevane vil måtte bruke på å kome seg til og frå skulen. Min gut vil bruke ca 2,5 t av si fritid kvar skuledag for å kome seg til og frå skulen. Sjølv om den reine køyretida frå vår heim er ca 15 minutt. Dette vil då gjere at vi enten vert tvungen til å

benytte SFO, eller at vi må køyre han til og frå skulen, for at han skal få lik moglegheit som andre born til å ha fritid etter skule. Det vil sei at vi må tilpasse arbeid eller fritida vår for å rette opp i eit kommunalt ansvar som er å ivareta vårt barn sitt beste. Min gut er 5,5 år når han byrjar på skule. Om han skal gå på Ulsteinvik barneskule, vil han måtte gå frå busshaldeplassen i sentrum og opp til barneskulen åleine. Han må navigere seg gjennom eit uoversiktlig trafikkbilete ,mange eldre born og ungdomsskuleelevar for å kome seg trygt fram til skulen. Likeins når han skal heim. Og min gut har verken fysiske eller psykiske utfordringar som kan påverke evnene hans. Born er impulsive, og det kan fort verte gløymt at dei skal passe seg for bilar når dei kryssar vegen, eller spring bak ein ryggande bil. Born er ikkje ferdig utvikla og modne nok til å gjere gode vurderingar i ein slik situasjon. Først når borna er 9-10 år har dei utvikla ferdigheit nok til å stoppe brått ved behov, samt å gjenkjenne lydar og vurdere kor lydane kjem frå. Det er kommuna sitt ansvar for at dette skal vere ein trygg skuleveg for elevane.

Vil det vere vaksne som fyl borna til og frå skulebussen, og ventar der at med dei? Vil det verte behov for ombygging av eit område nærmare barneskulen slik at skulebussane kan sette av og ta på skuleelevane som går på barneskulen og ungdomsskulen? Er dette ein kostnad som er medberekna?

I og med skulevegen til borna som må ta bussen inn til sentrum, vil verte så pass uoversiktlig og ikkje ligge under definisjonen om trygg skuleveg, vil eg påstå at trafikkmengda rundt barne- og ungdomsskulen ved, spesielt, skulestart vil auke betraktelig. Korleis tenke kommuna å løyse dette?

### **Konsekvensar for nærmiljøet og bygdene**

Her er mange fleire spørsmål som ikkje vert besvart i rapporten. Spørsmål som ikkje berre vil få økonomiske konsekvensar for kommuna, men også enkeltpersonar, med eller utan ungar.

For oss som bur lengst frå sentrum, vil nok konsekvensane verte størst. Sjølv om sentrum kanskje ikkje er så veldig langt vekk, vil slike innsparingar gjere at sentrum vil følest veldig mykje lenger vekk for dei som eventuelt ønske å busette seg bla på Flø, Eiksund og Haddal. Andre stadar som har opplevd skulenedleggelsar oppleve minkande tilflytting, verditap på eigedomar, nedlagde gardsbruk, husa som vert solgt går som fritidsbustad, vanskar med å

få lån til husbygging eller andre investeringar, , mindre samhald blant menneska som bur der då dei ikkje lenger har ein felles møteplass.

Med slike store potensielle konsekvensar; er det likebehandling av innbyggerane i kommuna, ved at vi ikkje berre mistar nærskulen vår, men vi mistar «alt» anna også? Er det likebehandling når forutsetningane til borna og bebuarnae i krinsane og sentrum/ Hasundkrins vert så enormt forskjellige? Er det god folkehelse å utradere velfungerande bygder?

### **Aslutning.**

Å forsøke å halde seg kort og konsis i ei så viktig sak er vanskeleg. Det er mykje meir som kan påpeikast og spørjast om, men ein stad må det avsluttast.

Behald alle skulane. Behald ressursane, ikkje spar på eller reduser framtida vår. Bygg vidare på kvalitetane, tenk alternativt, sjå moglegheitene, spel på dei dyktige ansatte, spel på dei dyktige og engasjerte innbyggerane.

Med beste helsing Heidi Låbakk, mor til tre, bygdis, tilbakeflyttar, engasjert innbygger og ergoterapeut.